

# Møteprotokoll

for møte i

Masfjorden Kyrkjelege Fellestråd

16.09. 2014

kl. 1700

**Representantane møtte ved Skjerjebakken gravplass, og møtte etterpå i kantina på kommunehuset.**

Desse møtte:

**Arne Riisnes  
Ragnhild Skuggedal  
Terje Myrvang  
Britt E. Nordland  
Egil Kvingedal  
Knut F Sørheim**

**Lise Dyrhovden** og **Øyvind Kristoffersen** kunne ikkje møta og makta heller ikkje å skaffa vara for seg sidan så mange frå Solheim sokneråd var opptekne på anna hold.

*Frå administrasjonen møtte kyrkjeverje Svein Kvamsdal.*

**SAK NR:**

**SAKLISTE**

---

<b>21/14</b>	<b>Godkjenning av innkalling.</b>
<b>22/14</b>	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 18. juni 2014</b>
<b>23/14</b>	<b>Skriv og meldingar</b>
<b>24/14</b>	<b>Avtale med Nordhordland Indremisjon.</b>
<b>25/14</b>	<b>Rekneskap Masfjorden kyrkjelege fellestråd 2013</b>
<b>26/14</b>	<b>Oppsummering etter synfaring</b>
<b>27/14</b>	<b>Mogelege andre saker</b>

**Underskrifter:**

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka sine sider, som me har signert, er ført i samsvar med det som vart avgjort på møtet.

**Sokneprest Knut Sørheim opna møtet med eit ord om tilgjeving frå Bibelen og lyste velsigning over møtet.**

**SAK: MKF 21/14                    GODKJENNING AV INNKALLING**

**Sakshandsamar:**        Svein Kvamsdal

Godkjent utan merknader.

**SAK: MKF 22/14                    GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Vedtak:**

Møteprotokollen vart godkjent slik den ligg føre.

**SAK: MKF 23/14                    SKRIV OG MELDINGAR**

**1.                                    KVA ARBEID ER UTFØRT I SOMMAR. Svein**

*Svein gav ei lita orientering om kva arbeid som er vorte utført på/ved kyrkjer og gravplassar.*

**2.                                    MISJON OG DIAKONIDAG I NORDHORDLAND. Knut**  
*Knut orienterte om ei storsamling for kyrkjetilsette og rådsmedlemar som vil verta arrangert 6. november i Alversund kyrkjelydshus. Detaljert program vil verta distribuert seinare.*

**3.                                    LITT OM STABSTUREN. Svein**  
*Kyrkjeverje opplyste at førebuinga til turen går sin gang. Fellesrådet har fått kr. 7 500,00 i stønad, men dette dekkjar ikkje alt. Han meinte likevel at vi denne gongen kan bruka litt ekstra på velferd, sidan mange sluttar snart etter lang og tru teneste og det har heller vore brukt lite til velferd tidlegare år.*

**4.                                    STØTTEKONSERT TIL BARAKA LEARNING CENTER. Svein**  
*Svein orienterte om ein konsert som vil vera i Sandnes kyrkje den 21. september klokka 1600 og oppmoda møtedeltakarane om å gjera dette kjent i nærmiljøet.*

**5.                                    TAKK FRÅ FAMILIE OG MEDIER. Knut**

*Knut orienterte om eit takkebrev frå organisasjonen Familie og medier etter offer i Sandnes kyrkje.*

**6.                                    GUDSTENESTER ANDRE HALVÅR 2014. Knut**  
*Knut orienterte om dei planlagde gudstenestene andre halvår 2014. Det vart bemerkta at det såg ut til å verta mindre gudstenester alt i alt, noko Knut bekrefta.*

**SAK: MKF 24/14 TILBOD FRÅ NORDHORDLAND INDREMISJON OM LEIGE AV BARNE OG UNGDOMSARBEIDAR.**

**Sakshandsamarar:** Knut Sørheim

**Bakgrunn:** Marit Nesse har sagt opp stillinga som barne og ungdomsarbeidar frå 30. september. Nordhordland indremisjon har gjeve Masfjorden kyrkjelege fellestråd eit tilbod der dei skaffar ein barne og ungdomsarbeidar som vil tre inn i dei funksjonane som Marit Nesse hadde.

Øygarden kyrkjelege fellestråd har i 3 år hatt ein slik avtale med Nordhordland indremisjon og dei har vore sers nøgde med denne avtalen. Fordelen med ein slik avtale er at vi får mykje mindre papirarbeid, at ingen barneforeiningar eller ten-klubbtilstellingar vert avlyste pga. sjukdom.

**Dette skjedde i møtet:** Representantane ville forvissa seg om at om det skulle bli misnøye med ordninga, vil det kunne takast opp med Nordhordland Indremisjon. Etter at avtaleteksten vart gjennomgått, fann ein at dette var dekkja av avtalen samt at ein har ei gjensidig 3 månaders oppseiingstid.

**Vedtak:** Fellestrådet, gjev si tilslutning til å inngå avtale med Nordhordland Indremisjon.

**SAK: MKF 25/14 UTLYSING AV STILLING**

**Sakshandsamarar:** Arne Riisnes, Svein Kvamsdal

**Bakgrunn:** Gunnvor Fyllingsnes ynskjer å trappe ned og har difor søkt om 70% AFP frå 1. november. Vi må difor snarast søkja etter ein person som kan tre inn i dei funksjonane som Gunvor no har: Leiar for trusopplæring, diakoni og kyrkjelydssekretær.

**Forslag til vedtak:** Gunvor utformar ei stillingannonse saman med administrasjonsutvalet i Masfjorden kyrkjelege fellestråd. Denne vert publisert i lokalavisa, på kyrkja si heimeside, på kommunen si heimeside og på NAV sine sider.

**Dette skjedde i møtet:** Representantane meinte at Gunvor ikkje treng å utforma annonsen, men bør assistera i dette arbeidet.

**Vedtak:** Administrasjonsutvalet må snarast koma saman for å utforma ei annonse der MKF søkjer etter ein person som kan tre inn i Gunvor sine funksjoner enten i ein 70 % stilling eller ein 100 % stilling, eventuelt at personen kan starta i ein 70 % stilling for seinare gå opp til ein 100% stilling.

**SAK: MKF 26/14      OPPSUMMERING ETTER SYN FARING PÅ  
SKJERJEBAKKEN.**

Sakshandsamar: Arne Riisnes og Svein Kvamsdal

**Bakgrunn:**      *På møtet i Masfjorden kyrkjelege fellesråd 21. januar i år vart det vedtatt å ta ein inspeksjonsrunde til alle kyrkjene og gravplassane i kommunen. No stod Skjerjebakken gravplass for tur. Vegen er lagt om og Masfjorden kyrkjelege fellesråd har betalt om lag kr 500 000,00 kroner. I tillegg skal grunneigarane kompenseras både for veggrunn og for bygging av øvste del av vegen. Skal vi leggja asfalt, ynskjer kommunen at vi betalar noko av denne kostnaden, opp til kr 100 000,00. Avtalen om grunn til utviding av gravplassen vart sendt grunneigar, men denne er framleis ikkje underskriven.*

**Dette skjedde i møtet:** Dei frammøtte representantane inspiserte gravplassen og vegen. Egil Kvingedal meinte det kan vera ein fordel om avtalen om grunn med grunneigar kan verta underskriven snarast. Representantane meinte det kunne vera ein fordel om vegen vert asfaltert, då det vil hindra at grusen vert vaska vekk av regn.

**Vedtak:** Kyrkjeverje kan betala opp til kr. 100 000,00 pluss MVA for legging av asfalt. Kyrkjeverje vert pålagt å ta kontakt med Hordaland vegvesen om oppsetjing av skilt ved fylkesveg, samt å få blokkert gamalt kryss for ferdsel med bil.

**SAK 27/14                      MOGELEGE ANDRE SAKER**

- a.      **Møte i Eivindvik:** *Kyrkjeverje orienterte frå eit møte han hadde vore på dagen før i Eivindvik saman med kyrkjeverjer i Nordhordland prosti og prost Geir Sørebo. Det er lagt opp til eit møte 16. oktober om prestesituasjonen, men datoen kan verta endra. Sokneråda vil verta orienterte med ein gong det er noko nytt om dette. På dette møtet opplyste prosten at han hadde fått opplyst frå bispekontoret at det ikkje ville verta fleire prestestillingar i prostiet og at bispen ville ha ei gudsteneste i Knarvik kvar sundag, slik at Masfjorden og Gulen og Solund må greia seg med 2 prestar på deling.*
  
- b.      **Budsjett:** *Kyrkjeverje opplyste at han hadde fått oppgjeve frå rådmann at MKF kan pårekna ein 3,5% auke i lønsbudsjettet og ei 2% auke i det resten av driftsbudsjettet. Kyrkjeverje opplyste vidare om at ein treng å låna oppatt på et lån som er nedbetalt med kr 600 000,00. Eit framlegg om dette vil koma i neste møte.*

**Vedtak:** Sokneråda må koma med innspel i god tid før neste møte, som er planlagt ein gong i slutten av oktober, om kva dei ynskjer skal budsjetterast, anten det er drift eller investering. Kyrkjeverje skal ha klart eit budsjettframlegg til det møtet.